

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-151, FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/22	Eldreråd	05.09.2022
040/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022
031/22	Ungdomsråd	05.09.2022
022/22	Administrasjonsutval	07.09.2022
088/22	Alver formannskap	08.09.2022
	Alver kommunestyre	

Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2023 i samsvar med § 5-4 bevilingsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke. Budsjett for 2023 vert oppdatert med lønns og prisvekst i samsvar med framlegg til statsbudsjettet for 2023, og vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2022.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2023-2026 og investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevilingsoversikt investering 2A og 2B. Kommunedirektøren oppdaterar investeringsbudsjettet for 2023 i samsvar med eventuell endring i framdrift på prosjekta som pågår i 2022. Dette betyr at eventuelle framdriftsjusteringar per 2. tertialrapport vert tatt inn i budsjettframlegget som blir vedtatt i desember.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å setje i gang takseringsarbeid for næringsseigedomar. Kommunestyret ber om å få lagt fram ei eiga sak i løpet av 2023 kor det går fram kva resultatet av takseringsarbeidet er, og ulike alternativ for utskrivning av eigedomsskatt på næring. Dette skal leggjast fram i god tid før kommunestyret skal fatte vedtak om innføring av eigedomsskatt på næring i samband med budsjettvedtaket for 2024. Taksteringsarbeidet skal finansierast med bruk av disposisjonsfond, og kostnaden skal takast inn i rapporteringa for 1 tertialrapport 2023 når det har vore gjennomført anbud og prisen på å gjennomføre takseringsarbeidet er kjent.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Handsaming:

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

RMNF- 040/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

Framlegg om å leggje ved notat frå innlegg frå ungdomsrådet til formannskapet som vedtak i saka.

UR- 031/22 Vedtak:

Prioriteringar i økonomiplanen:

UR ynskjer fleire tilgjengelege Helsesjukepleiarar på alle skuler!

Døme: Radøy ungdomsskule, kun 1-2 dagar med tilbod, men mykje tid på hausten går bort til 8.klasse-samtalar, då vert det ikkje tid til dei i 9. og 10. klasse.

Vi ynskjer kortare ventetid på psykolog for ungdom. Fleire som tek kontakt med psykolog for ungdom, vert satt på venteliste og kjem ikkje inn før dei skrik om hjelp.

Lågare terskel for å komma inn.

Ungdomsklubbane:

Vi ynskjer oss ein klubb i Knarvik.

Sidan det er tilbod om ungdomsklubb i andre sentrum i kommunen, men ikkje i Knarvik. Vi har Salto i Knarvik, men dei er ikkje alltid opne når ungdommen har fri (dei stenger når mange er ferdig på skulen, 15.30).

Helsestasjon for ungdom

Betre opningstider.

Onsdag 15.30-18.30 er for lite, og færre ungdom får snakket med lege og helsesjukepleiar. Prioriter fleire opningsdagar, eller lengre opningstid.

Uteområdet på skulane

Gode uteområde = meir sosial (både barne og ungdomsskule).

Barneskule har ofte gode uteområde, men ungdomsskulane har ikkje like gode.

Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har gode uteområde.

Miljøterapeuter i ungdomsskulen

Lindås ungdomsskule mista sin miljøterapeut i vinter. Vi ynskjer at alle ungdomsskulane har tilbod om miljøterapeuter!

Samrøystes vedteke

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke til økonomiplan: https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-økplan_23-26_-_oppd_per_31082022/

Vedlegg i saken:

31.08.2022

Budsjett 2023 - søknad

1793644

07.06.2022	Alver kommune Budsjettinnspel 2023 og økonomiplan 23-26	1751106
09.05.2022	Saksframlegg sak 2822 - Alver kontrollutval	1736347
09.05.2022	Særutskrift sak 2822 frå Protokoll - Alver kontrollutval	1736348